

Patrick Wohlgemuth  
Skarsvegen 313  
5911 ALVERSUND

Referanser: Saksbehandlar: Dato:  
Dykkar: Astrid Riise 20.09.2021  
Vår: 21/2388 - 21/62370 astrid.riise@alver.kommune.no

## Varsel om synfaring - gbnr. 145/37 Fosse indre

**Tiltak:** Varsla synfaring  
**Byggjestad:** Gbnr. 145/37 Fosse indre  
**Tiltakshavar:** Patrick Wohlgemuth

Viser til vårt brev av 09.04.2021 der vi opplyser om at vi har motteke melding frå Norva24 AS om at det ved forsøk på tømning den 09.03.2021 ikkje vart funne nokon septiktank på eigedommen din og at kloakken går rett i sjø. Viser og til vårt brev av 06.06.2021 med førehandsvarsel om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt. Frist vart satt til **30.09.2021**.

Alver kommune mottok den 15.09.2021 ein telefonisk førespurnad frå deg med informasjon om at du ønskjer eit møte med representantar frå Alver kommune om avløpsordninga.

Vi stadfester at vi tar eit møte med deg på eigedommen din **torsdag 23.09.2021 kl. 10:00** for å avklare kva for avløpsordning du har.

### Kva skjer under ei synfaring?

På synfaringa vil vi søkje å stadfeste dei faktiske tilhøva på eigedommen. Vi gjer merksam på at det ikkje vil bli konkludert noko om saka under synfaringa.

### Regelverk for tilsyn og synfaring

Kommunen har plikt til å forfølgje ulovlege forhold, jf. plan- og bygningslova § 32-1. Kommunens rett til å synfare bygg og eigedommar er heimla i plan- og bygningslova § 37-1.

### Har du spørsmål om synfaringa?

Dersom noko er uklart, eller du har ytterlegare spørsmål, kan du ta kontakt med saksbehandlar på e-post eller på telefon 5637 5000.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Astrid Riise  
Rådgevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Patrick Wohlgemuth

Skarsvegen 313

5911

ALVERSUND